



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Åheim - 1 gangs ettersyn.

Reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim med plankart, planomtale og føresegner ligg klar til handsaming for utlegging til 1. gongs offentleg høyring.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune vedtek å legge reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim (nasjonal arealplan ID: 1511-201801) ut til 1. gongs offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningsloven § 12 - 10 handsaming. Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Vedlegg:

V1_Plankart-Gang-og_sykkelveg_Åheim_21.03.2022
V2_Reguleringsføresegn_gang-og_sykkelveg_Åheim_21.03.2022
V3_Planomtale_gang-og_sykkelveg_Åheim_21.03.2022
V4_Sjekkliste_ROS_gang-og_sykkelveg_Åheim_18.09.2018
V5_kopi_av_innspel_ved_oppstart
V6_Naturbase_faktaark_Aaheimselva
V7_vurdering_av_skredfare_18.09.2018
V8_vurdering_av_flaumfare_18.09.2018

Saksopplysningar:

Oppstart av planarbeidet detaljregulering gang- og sykkelveg Åheim vart vedteke i formannskapet 28.06.2011 i F-sak 110/2011 (langs fv.61 til «Krikenkrysset»). Kommunestyret vedtok 13.12.2011 i K-sak 12.12.2011 oppstart med utvida plangrense, slik at den også skulle gjelde langs fv.620 mot Thue. Planarbeidet vart varsla av kommunen den 07.07.2011 i Synste Møre med høyringsfrist 25.08.2011. Det kom inn 18 merknadar totalt. Det er gjennomført ope møte på Åheim 29.08.2018. Det var 63 personar som møtte. Plankonsulent i Herøy kommune har utført planarbeidet for Vanylven kommune. Norconsult har revidert plankart.

Det har i mange år vore ynskje om tryggare veg for fotgjengarar på Åheim. Denne planen vil legge til rette for gang- og sykkelveg frå brua over Åheimselva til «Krikenkrysset» og til Thue. Den vil legge grunnlag for ein samanhengande gang- og sykkelveg som vil gjere ferdsel langs Fv.61 og Fv.620 langt betre. Det vert også lagt til rette for to kollektivhaldeplassar. Sekundært skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim - både med sentrumsutbygging, næringsverksemd, fritid, turisme samt fleire bustadar. Det er planlagt ei rundkøyring på fylkesvegen som oppfyller krava i SVV handbok og som vil forbetre trafikkbiletet og auke trafikktryggleiken betrakteleg.

For nærare omtale av planen viser ein til vedlegga i saka.

Vurdering og konklusjon:

Merknadane til oppstart av planen vert vurdert, oppsummert og kommentert i kapittel 9 i planomtalen.

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl. kap.4. Sidan både føremål, og i hovudsak også avgrensing, er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing.

Administrasjonen meiner planforslaget kan leggjast ut til 1. gongs høyring til offentlege instansar, grunneigarar og andre med høyringsfrist minst 6 veker frå kunngjering.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Andreas Chr. Nørve

kommunedirektør